

Innkommne merknader ved høyring

I høyringsperioden er det kome inn 16 innspel og merknader frå offentlege instansar og private partar. 8 merknadar/innspel er frå private partar og 8 er frå offentlege instansar.

Hovudinnhald og administrasjonen si vurdering av alle innspel i samband med gjennomført planfase er som følgjer:

Innspel frå	Dato	Innhald i merknad	Vurdering
Norunn Nordal Undem Eigar av gbnr 28/821	10.07.2017	Undem er sterkt imot og godtek ikkje inngrepa som følgje av fortau forbi hennar eigedom. Huset og delar av hagen hennar ligg på ei lita høgde og allèn med lønnetre langs Vågavegen gjev god skjerming av huset og hagen hennar mot innsyn, spesielt er dette viktig i høve husa på Mulelidmarka, samstundes som den har god effekt på mikroklimaet i hagen. Hagen har stor verdi for henne, både for rekreasjon, trivsel og helse. Ho meiner at eit alternativ framlegg til løysing er å legge ein fotgjengarovergang der einvegskøyeringa startar ved Mulelidmarka, der er det oversiktleg og vil vere liten trafikk, jfr. reguleringsplan. For ytterlegare tryggleikssikring kan ein redusere fartsgrensa til 30 km, og lage fartsdempar på vegen. Dette er enkle, lite kostnadskevrande tiltak for Flora kommune, samstundes som tryggleiken blir ivareteken. Ho gjer og merksam på at dersom kommunen likevel å fremje planen vil ho gå vidare med saka.	Administrasjonen har forståing for at Undem ikkje ønskjer endringar for hennar eigedom. Det er likevel vurdert slik at i høve trafikktryggleik for gåande og syklande vil det være viktig med samanhengande fortau langs heile Vågavegen. Å ta dette ut av planframlegget vil såleis gje ei dårlegare løysing i høve trafikktryggleik. Ved detaljprosjektering av vegen må det gjerast vurderingar for kvar eigedom i høve korleis hekkar mv skal erstattast. I denne fasen vil det såleis være mogleg å sjå på avbøtande tiltak i høve innsyn og skjerming mot klima.
Sogn og Fjordane fylkeskommune v/Nærings og kulturavdelinga	04.08.2017	Sogn og Fjordane fylkeskommune har ingen vesentlege kulturminnefaglege merknader i saka. Dei merkar seg at varslingsplikta om automatisk freda kulturminne er tatt med i føresegnene til planen. Vidare viser dei til at det er positivt at det er laga omsynssoner over krigsminna og at dei har eigne føresegner som sikrar bevaring.	
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	16.08.2017	Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Sørstrand friluftsområde i Flora kommune som kan bli direkte råka av detaljreguleringa. Dei har tidligare gjennomført marinarknologiske registreringar i området utan særlege funn. Museet har derfor ingen merknader til reguleringa. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Dei gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.	Punkt 2.1.2 i føresegnene er endra slik at det og omfattar maritime kulturminner.

<p>Sørstrand Fus Barnehage AS</p> <p>Eigar av gbnr 28/998</p>	<p>16.08.2017</p>	<p>Sørstrand Fus Barnehage AS viser i sin merknad til at deira eigedom vert råka av utviding av Sørstrandvegen ved at uthuset deira må rivast og ved at det vert teke areal frå tomte deira til veg. Dei vil krevje tilsvarande opparbeidd areal som kompensasjon, og viser til at dei ikkje kan ha mindre uteareal enn i dag, då dette vil redusere leikearealet til borna. Vidare gjer dei merksam på at nytt uthus må være på plass før det eksisterande kan rivast, og at eventuelle tap av parkeringsplassar må erstattast. Det vil etter deira vurdering og være naudsynt med eit støygjerde på grunn av auka trafikk. Dei ber og om at fartsgrensa vert redusert frå 50 km/t til 30 km/t.</p>	<p>Utbetring av Sørstrandvegen vil krevje erverv av om lag 430 m2 av barnehagen sin eigedom. Av dette arealet er det om lag 160 m2 som i dag er vegareal. Samstundes vil tilrettelegging av friluftsområdet gje barnehagen eit betre nærfriluftsområde, og betre trafikktryggleik. Behovet for erverv er ikkje av eit slikt omfang at det vil ha innverknad på barnehagen si godkjenning, jamfør vedtak i Kultur- og oppvekstutvalet i sak 017/08, datert 22.04.2008.</p> <p>Erstatning av areal mm, behov for støygjerde/oppføring av innsynsskjerm og fartsgrense er forhold som blir vurdert når ein kjem i gang med detaljprosjektering av vegen. Dette er ikkje forhold som er teke inn i detaljreguleringa.</p>
<p>SFE Nett AS</p>	<p>17.08.2017</p>	<p>SFE viser til tidlegare innspel. I dette vart det peika på at dersom det er behov for straumuttak i området, må det etablerast ein eller fleire nettstasjonar i planområdet. Det må også leggjast til rette for framføring av høgspenningskablar frå eksisterande nett og settast av areal for nettstasjonar. Plassering av nye anlegg for straumforsyning vil bli bestemt når dei ser lokalisering og storleik av straumuttak. Reguleringsføresegnene må ta høgde for dette. SFE ønskjer å bli oppdatert på nye detaljplanar når slike planar ligg føre.</p>	<p>For å gje fleksibilitet i plasseringa er det innarbeidd i føresegnene punkt 3.4.0 at det kan plasserast nettstasjon i LNF-områda.</p>
<p>Atle Kvellestad</p> <p>Eigar av gbnr 28/1067</p>	<p>22.08.2017</p>	<p>Kvellestad viser til møte med kommunen 28.06.17 vedrørende merknader om endring av Sørstrandveien, der kommunen bad om å få klargjort innspel om køyremønster og endring av planen vedrørende Sørstrandveien og Austvikveien. Kvellestad meiner at det vil gje ei monaleg betre og billegare vegløyving dersom ein legg vegen til Sørstrand via Austvikvegen, og nyttar dei opparbeidde traseane i samband med bygging av nytt avløpsanlegg i området. Dette vil og gje ei betre løyving for beburane lags Sørstrandvegen.</p> <p>Vidare meiner han at parkeringsplassen o_SPP2 må takast ut av planen då denne vart etablert som ein mellombels parkeringsplass.</p> <p>Han meiner og at detaljreguleringsplanen er konsekvensutgreiingspliktig, og er såleis ikkje samd i vurderinga i punkt 2.3 i planomtalen.</p>	<p>Det vart tidleg i planprosessen vurdert ei vegløyving over Austvikvegen. Denne løyvinga vart forkasta mellom anna fordi det var eit ønske om å behalde mest mogleg samanhengande grøntareal i området. Det vart derfor bestemt at ein i det vidare planarbeidet skulle nytte eksisterande vegtrasear, og sjå på utbetringmoglegheit for desse. Austvikområdet vart mellom anna på grunn av dette teke ut av planområdet. Administrasjonen kan ikkje sjå at det er kome inn merknadar i høyringsperioden som gjev grunnlag for å endre dette.</p> <p>Når det gjeld o_SPP2 er denne regulert inn som ein permanent parkeringsplass, og det er lagt inn føringar for betre avgrensing av den, noko som vil ordne opp i dei forholda som Kvellestad skildrar som ulemper for</p>

			<p>naboane til plassen.</p> <p>Når det gjeld krav om konsekvensutgreiing kan ikkje administrasjonen sjå at detaljreguleringsplanen fell inn under oppgangskriteria til forskrifta, jfr punkt 2.3 i planomtalen.</p>
Avinor	22.08.2017	<p>Avinor viser til sin uttale til planoppstart datert 14.03.2017. Dei viser til at det meste av deira innspel er teke med, men viser til at følgjande formulering vart uteglymd:</p> <p><i>All ferdsel og bruk av anleggsmaskinar og kraner m.v. (mellombelse hinder) skal avtalast og godkjennast på førehand av Avinor v/ Lufthamnsjefen.</i></p> <p>Avinor vil ber på det sterkaste om at dette rekkjefølgjekravet vert teke inn i detaljreguleringsplanen av omsyn til flytryggleiken. Utover dette har Avinor ingen andre merknader til planen.</p>	<p>At denne regelen ikkje vart teke med er ein forgløyming. Den er no lagt inn som nytt første kulepunkt under 5.1 i rekkefølgjeføresegnene.</p>
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)	24.08.2017	NVE har ingen merknader til planframlegget.	
Knut Tonheim og Grethe Langø Eigar av 28/887	27.08.2017	<p>Tonheim og Langø viser til at deira tomt er liten, tomtearealet deira er på ca 0,6 mål der 0,2 mål er bygningsmasse, 0,2 mål er tilkomst og innkjøring til eiendommen. Dette gjev 0,2 mål igjen til beplantning av hekk for å skjerme mot bilvei, bærbusker, frukttrær, prydbusker og dyrking elles. Erverv av areal for utbetring av Vågavegen og krysset til Mulelidmarka vil derfor ramme dei urimeleg hardt.</p> <p>Dei meiner vidare at det ikkje er naudsynt med utviding av krysset til Mulelidmarka og dei stiller spørsmålsteikn ved kvifor det skal være naudsynt å ha bybussen gjennom Vågavegen, då det er kort veg til stopp andre stader.</p> <p>Dei meiner vidare at det ikkje har vore god nok prosess i høve dialog med naboar.</p>	<p>Utbetring av vegareal i utbygde områder vil alltid føre til ulemper for dei som har etablert seg i området. Denne ulempa er forsøkt dempa så mykje som mogleg ved val av linjeføring av vegen. Linjeføringa som er valt vil gje minst mogleg inngrep i eigedomane. Det er likevel slik at dersom den nye vegen skal dekke det framtidige behovet for trafikk-tryggleik vil den være meir arealkrevjande enn eksisterande veg. For denne eigedomen vil det være naudsynt å erverve kring 70 m2. Etter administrasjonen si vurdering må denne ulempa vegast opp i mot samfunnsgevinsten av vegen. Erverva areal og verdireduksjon av eigedomen vil kompenseras ved utbygging av vegen.</p> <p>Trase for bybuss er ikkje ein del av detaljreguleringa, men generelt kan det seiast at det ikkje er ønskeleg å redusere</p>

			<p>moglegheitene for kollektivtrafikk.</p> <p>Planarbeidet har vore varsla på vanleg måte, men det har ikkje vore halde møter med grunneigarane utover dei møta som einskild-grunneirar har bede om. I samband med detaljprosjektering av vegen vil det være naturleg å halde informasjonsmøter med naboane.</p>
<p>Aleksander Barstad og Marion Sørbotten Berg</p> <p>Gbnr 28/858</p>	<p>Barstad og Berg viser i sin merknad til at dei får anleggsarbeidet tett inn på sin eigedom, og at dei er redd for mellom anna fundament mm for verandaen mot vegen. Dei er og bekymra for støy i anleggsperioden og etterpå, samt innsyn. Dei set derfor krav om følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • God skjerming både mot innsyn og støy langs Sørstrandvegen og mellom deira eigedom og Vågavegen 14. • At fundamenta til bæring av veranda blir forsterka. • At hagen dei har bak huset blir planert, soldet og sådd, sidan dei blir nøydt å bruke hagen meir enn behovet er nå. • At gatelys er med i planane når vegen skal utbetrast. Det er alt for mørkt langs Sørstrandvegen no. <p>Alternativet til disse krava er økonomisk kompensasjon.</p>	<p>Momenta som Barstad og Berg viser til vil være ein del av detaljprosjekteringsprosessen, der det vert inngått avtale med dei einskilde grunneigarane.</p> <p>Ved utbetring av Sørstrandvegen vil det vil sett opp gatelys.</p>	
<p>Bente Mari Frøysa og Otto J. Herrmann</p> <p>Gbnr 28/223 og 629</p>	<p>Frøysa og Herrmann ber om at minst mogleg areal av anleggssona vert nytta, dei har både hekk og tre på eigedomen som dei ønskjer å bevare. Om noko av hekken må fjernast, krev dei erstatning for denne, helst i same stil som gjerde mot Kinnvegen for å skape heilskap i området.</p> <p>Når det gjeld trafikk ønskjer dei at det vert etablert fartsdumper i vegen, Dei er og kritiske til at bybussen skal gå gjennom området. Vidare meiner dei at einvegskøyning av Vågavegen frå Thor Solbergveg til Sørstrandvegen vil auke trafikken frå Sørstrandvegen til Kinnvegen. Dei meiner derfor at det er betre at Vågavegen blir einvegskøyrd, fram til Brendøyvegen. Dette vil fordele trafikken i større grad enn om berre ein første del er einvegskøyrd. Alternativt at heile Vågavegen være tovegskjørt.</p> <p>Dei planlegg å bygge en garasje på enden av bustadhuset inn mot Vågaveien, og ber om at dette vert teke omsyn til.</p>	<p>I reguleringsprosessen er det vanskeleg å ta stilling til kor stor del av anleggsbeltet som vil verte nytta i anleggsperioden. Dette vil være ein del av detaljprosjekteringsprosessen der ein inngår avtaler med dei einskilde grunneigarane. Det vil bli gjeve erstatning for alt som vert fjerna.</p> <p>Trafikkmønsteret er planlagt med einvegskøyning av Vågavegen frå krysset ved Mulelidmarka til Sørstrandvegen for å imøtekome merknadane frå dei eigedomane som vart mest berørt av vegen. Dette er forventa å gje eit trafikkmønster som vil fordele trafikken til Sørstrand på Thor Solbergveg/Vågavegen og Kinnvegen/Vågavegen. Køyning til eigedomane i området vil gå om lag som i dag. Dette har vore vurdert som den</p>	

			<p>trafikkkløysing som fordelar trafikken best. Trase for bybuss er ikkje ein del av detaljreguleringa, men generelt kan det seiast at det ikkje er ønskjeleg å redusere moglegheitene for kollektivtrafikk.</p> <p>Det vil være mogleg å oppføre garasje mellom bustadhuset og Vågavegen.</p>
Sørstrand Folkepark	29.08.2017	Sørstrand Folkepark ønskjer at det vert gjeve høve til å heve byggehøgda for servicebygget til kote 10. Dei kan ikkje sjå at det endrar føremålet. Detaljutforming vil uansett gjerast i samarbeid med kommunen og AVINOR - dersom det vert Sørstrand Folkepark som vert byggherre. Styret for Sørstrand Folkepark er også positive til om det vert mogleg å etablere enkle lager/sjøhus i området mot Kystmuseet. T.d for lagring av båtar for sjøspeidarane/kajakker/Eliasbåt.	<p>Høgda på servicebygget er endra til kote 10 i samsvar med innspelet. Dette vil ikkje kome i konflikt med restriksjonane på høgder for området.</p> <p>Nytt byggeområde for sjøhus/lager i området mot Kystmuseet vil krevje ny høyring av planen. Administrasjonen føreslår derfor at ein i staden ser på moglegheitene for sambruk av servicebygget.</p>
Marit Bjerck Værøy Eigar av gbnr 28/220	30.08.2017	Værøy viser til at det vil bli behov for gjerde,(eller støyskjerm), i grensa mellom fortau og eigedomen i Vågavegen,og langs eigedomen i Sørstrandvegen. Som grunneigar ønsker ho å vere med på utforming/val av gjerde/støyskjerm. Vidare går ho ut i frå at postkassestativ, bossoppstillingsplass og gatelys er med i planen.	<p>Utforming av eventuelle gjerder vil være ein del av detaljprosjekteringa, og i denne fasen vil det være nær dialog med grunneigarane.</p> <p>Planframlegget har med gatelys og plass for postkassestativ og bossoppstillingsplass.</p>
Ane Eliassen Framtidig eigar av gbnr 28/336	01.09.2017	Som framtidig eigar av gbnr 28/336 er Eliassen positive til utbetring av Vågavegen, men er kritiske til omfanget. Ho ønskjer at vegutvidinga held seg innanfor dagens eigedomsgrenser.	<p>Utbetring av vegareal i utbygde områder vil alltid føre til ulemper for dei som har etablert seg i området. Denne ulempa er forsøkt dempa så mykje som mogleg ved val av linjeføring av vegen. Linjeføringa som er valt vil gje minst mogleg inngrep i eigedomane. Det er likevel slik at dersom den nye vegen skal dekke det framtidige behovet for trafikk-tryggleik vil den være meir arealkrevjande enn eksisterande veg. For denne eigedomen vil det være naudsynt å erverve kring 120 m2. Etter administrasjonen si vurdering må denne ulempa vegast opp i mot samfunnsgevinsten av vegen. Erverva areal og verdireduksjon av eigedomen vil kompensere ved utbygging av vegen.</p>

<p>Fylkesmannen i Sogn og Fjordane</p>	<p>28.08.2017</p>	<p>Fylkesmannen ser det som uheldig at det er utført tiltak som inneber nokså omfattande terreng- og landskapsinngrep i form av veg og bruer ut til Flatholmen og turvegar på holmen (jf. flyfoto), utan at dette har vore vurdert og avklart i plan. Det er viktig at det kjem på plass ein heilskapleg plan som gir god styring for den vidare utviklinga av området som friluftsområde. Fylkesmannen forstår det slik at Sørstrandområdet er eit viktig utfartsområde og eit satsingsområde for friluftsliv i denne delen av Flora. Det er utarbeidd ein utfyllande og oversiktleg planomtale som gjer greie for tiltaka som er planlagde og verknadene tiltaka vil kunne få for ulike interesser og omsyn, og det er etter det vi forstår lagt inn avbøtande tiltak og krav til god terrengtilpassing i planføresegnene. Utan å ha vurdert planframlegget i detalj, har vi ikkje avgjerande merknader til planen ut frå omsyn til natur- og miljø.</p>	
<p>Terje Kjerpeset og Anita Ferstad, Eigarar av gbnr 28/828 Iselin og Morten Tvenge, eiere av gbnr 28/870</p>		<p>Dei viser til at planframlegget legg opp til å erverve om lag 1 m innover eksisterande eigedomsgrense, noko som vil gje ei avstand mellom bygg og vegareal på 3 m. Dette er etter deira meining ikkje ei akseptabel løysing, då dette vert for stort inngrep i eigedomane deira.</p>	<p>I dette område er Vågavegen planlagt i ei køyrebane, med fortau for å redusere ulempene for grunneigarane langs vegen. Å redusere arealet ytterlegare vil ikkje være tenleg dersom ein ønskjer å utbetre vegen og trafikktryggleiken i området.</p>